

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 26.09.2023 i Torvmyrane 29.

Møtet tok til kl. 14.00.

Møtet slutt kl. 17.15

Desse møtte:

- Hallvard Bjørneset
- Anne Ellingsen
- Henriette Hafsaas
- Ove Myklebust
- Jon Helge Bjørndal
- Jan Henning Egset (leiar i Repr.skapet, har møte- og talerett)

Kommunikasjonsleiar Anne Mette Farstad deltok i møtet og orienterte i sak 25-23

Dagleg leiar Hans Peter Eidseflot førte møteboka.

Hallvard Bjørneset leia møtet.

Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend.

Sak 22-23 Dagleg leiar sin rapport

Vedtak: (5 røysteføre)

Styret tek dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar orienterte om:

- status i drifta
- utvikling av anlegget på Melsgjerdet
- forsikring
- større tiltak
- samarbeid med naboselskapa, m.a. om utgreiing av forbehandling av matavfall

Separat frå denne statusrapporten, vart det også orientert om den pågåande organisasjonsprosessen i VØR.

Sak 23-23 Resultat mot budsjett – 2.tertial

Vedtak: (5 røysteføre):

Styret tek resultatrapporten og informasjonen til vitende.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 24-23 Strategiplan for Volda og Ørsta Reinhaldsverk 2024-2027

Vedtak: (5 røysteføre):

Styret rår representantskapet i VØR til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet godkjenner *Strategiplan for Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS 2024-2027* saman med vedlagt handlingsplan for perioden.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga, med dei innspela som kom fram i møtet.

Sak 25-23 Budsjett 2024 og fastsetting av betalingssatsar for renovasjon og slam

Vedtak: (5 røysteføre):

Styret rår representantskapet i VØR til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

1. Med heimel i §34 i Lov av 13 mars 1981, nr 6 om vern mot forureining og avfall, vedtek Kommunestyret dei satsane for renovasjon- og slamgebyr i Volda og Ørsta for 2024 som er gitt i vedlagt prisliste.
2. Vedtaket i punkt 1 er gjort under føresetnad av at gebyrsatsane vert vedtekne likt i både Volda og Ørsta kommunestyre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 26-23 Fritidsrenovasjon- søknad om fritak. Solveig og Roy Thomassen, Vartdal.

Vedtak: (5 røysteføre):

1. Med visning til gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 3 og 11 vert det ikkje gitt fritak for renovasjonsgebyr for eigedomen Høgebakken 410. Søknad frå Solveig og Roy Thomassen om fritak vert avslått.
2. Styret ber administrasjonen framlegge ei sak om mål, tenestenivå og praktiske løysingar for fritidsrenovasjon i VØR sitt område. Saka skal leggest fram på første styremøte i 2024.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 27-23 Referatsaker

Vedtak: (5 røysteføre)

Styret tek referatsakene til vitende.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte.

Følgande referatsaker vart framlagde:

- 27A: Forbehandling av matavfall - samarbeidsavtale om utgreiing
- 27B: Sivilombodet: vedtak i sak om avfallsgebyr 260623
- 27C: Sivilombodet – spørsmål om rett klageorgan i VØR 060923
- 27D: Tilsvar Sivilombodet frå Volda kommune – rett klageorgan
- 27E: Tilsynsrapport brann 2023
- 27F: Godkjent årsrekneskap – frå Brønnøysundregistrene

Sak 28-23 Søknad om fritak – renovasjonsgebyr på sel. Trude Folkestad og Stig R Sporstøl

Vedtak: (5 røysteføre)

1. Med visning til gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 3 og 11 gir ikkje styret i VØR fritak for renovasjonsgebyr for eigedomen Innaforvegen 305 på Folkestad. Søknad frå Trude Folkestad og Stig Robert Sporstøl om fritak vert avslått.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 29-23 Godkjenning av møtebok


Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 26.09.23 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 26.09.2023



Hallvard Bjørneset
Leiar



Henriette Hafsaas



Ove Myklebust



Anne Ellingsen
Nestleiar



Jon Helge Bjørndal



Hans Peter Eidseflot
referent